

## **TK060 LEGE / SANITET PÅ ARRANGEMENT**

Eg har teke utgangspunkt i Norges Idrettsforbund sine retningslinjer for lege- og sanitetsteneste ved idrettsarrangement, og tilpassa desse til skiskyting. Krav til at lege skal vere tilstades på arrangement er redusert, då dette generelt er vanskeleg å få gjennomført.

Eg har teke med det som er relevant for nasjonale konkurransar, ikkje internasjonale renn (IBU)

Tilrår at regelverk vert teke inn som nytt pkt 17 i konkurransereglement, og som vedlegg i arrangørhandboka.

## **17 . SANITET / LEGE PÅ ARRANGEMENT**

### **17.1 Sanitet**

Det er arrangørens ansvar å planlegge og organisere førstehjelpstenesten på alle arrangement. Omfanget av førstehjelpstenesten vil avhengig av lokale forhold og konkurransens omfang. Det skal minimum være en førstehjelpsstasjon med tilgang til førstehjelpsmateriell, både, redningspulk og scooter. Arrangøren må sjølv vurdere om det er nødvendig med sanitetspersonell.

### **17.2 Sanitetspersonell**

Sanitetspersonell (td Røde Kors) skal vere tilstades på NM, NC, HL og på arrangement med stor deltaking. Det vert anbefalt å ha tilgang på ambulanse eller bil som kan transportere både.

### **17.3 Lege**

Det skal være avtalt korleis lege kan tilkallast pr. telefon, og legekontor/legevakt skal varslast og orienterast om arrangementet.

Ved følgjande konkurransar vert det anbefalt at lege er tilstades:

- Nasjonale arrangement med større deltaking, som t.d NM, NC, HL
- Arrangement med spesielt stor deltaking

### **17.4 Arrangøren sine plikter i forhold til stemnelegen og sanitet**

- Sørge for gode arbeidsforhold for helsepersonellet
- Ta legen (evt sanitetsansvarleg) med i planlegging av arrangementet
- Sørge for nødvendig forsikring for sanitetspersonellet